FOTBALL – TURN – HANDBALL – FRIIDRETT

Bremnes Idrettslag | Idrettsveien 87 | 5430 Bremnes | Telefon 53 42 16 66 | e-post: bil@bremnesil.no

***Innkalling til styremøte i fotballgruppa - Bremnes Idrettslag***

Møtenummer: 1/2020
Dato: 27.01. 2020
Kl.: 18:15 – 21.15
Stad: Bømlohallen
Innkalla: Arne Falk, Bjarne Ådnanes, Kenneth Nesse, Hildegunn Sortland, Nina Brynjulfsen, Rolf Bjørkelund, Torill Johansen, Eivind Vegstad, Adrian Søvold, Andrea Vespestad, Frode Sortland og Jovana Babanic.
Forfall: Frode Sortland, Adrian Søvold, Eivind Vegstad og Andrea Vespestad

**Sakliste:**

| Saksnr. | Sak | Type | Ansvarleg | Tid |
|---|---|---|---|---|
| Fast | **Informasjon frå leiar+ økonomi**<br>• Kort oppsummering frå Strategisamlinga<br>• Gjennomgang av økonomi og førebels budsjett for 2020 | O | Arne/Bjarne | 5 |
| 01/20 | **Sportsplan**<br>• Gjennomgang av innspel til Sportsplanen. Nokre små endringar.<br>• Planen bør sendast ut til alle trenarar på e-mail og visast på trenarmøter. | D/V | Kenneth | 15 |
| 02/20 | **Diskutere og stemme på småsaker pr. mail**<br>• Kan styret stemme over småsaker på e-mail?<br>I all hovudsak bør ein unngå det, men i enkelte høve er det gjerne naudsynt, og då gjer ein det. | V | Kenneth | 5 |
| 03/20 | **Innkjøp av analyseverkty**<br>• *Vedtak:* Det vert gjort innkjøp av dette utstyret dersom einkvan tek på seg hovudansvaret for verktyet. | V | Kenneth | 10 |
| 04/20 | **Køyregodtgjersle + dekke av utgifter A-lag/Damelag**<br>• *Vedtak:* Det er ikkje ynskjeleg at idrettslaget utbetalar køyregodtgjersle til enkelte spelarar på A-laget/Damelaget. Laga står likevel sjølv fritt til å dekkje desse utgiftene gjennom til dømes ein dugnadskonto.<br>• *Vedtak:* Idrettslaget dekkjer påmelding til Førsesong- cup for a-lag og damelag.<br>• NB! Det bør spesifiserast betre i reglementet kva utgifter idrettslaget dekkjer for a-laget og damelaget. Me ser gjennom reglementet til neste styremøte og kjem med forslag til endringar då.<br>• Privat sponsoravtale: Ingen sponsoravtalar er underteikna endå, men det ser ut til at fire bedrifter vil inngå ein avtale med A-laget. Profilering: Logoane til bedriftene skal vere på sports/treningskleda til spelarane. | V | Kenneth | 10 |

Generalsponsor
Hovedsponsorar

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 05/20 | **Førsesong**<br>• Pott A-lagstrenarar og assistenttrenarar: Blei vedteke av fotballstyret på tidlegare møte. | V | Kenneth | 10 |
| 06/20 | **Klubbkonferanse**<br>• I Bergen 14.-16.februar. Om nokon er interessert i å delta kan dei melde i frå på mail til Jovana. | D | Arne | 5 |
| 07/20 | **Valkomité**<br>• Gjennomgang av kven som er på val, og kven som ynskjer å vere med vidare. | D | Arne | 10 |
| 08/20 | **Retningslinjer, krets**<br>• Køyregodtgjersle for spelarar på krets, bør det og gjelde dei som spelar på krets i Rogaland? I så fall må nokre av formuleringane i fotballreglementet endrast. Dette tek me opp som eiga sak på neste styremøte. | V | Kenneth | 10 |
| Fast | **Informasjon frå administrasjonen**<br>• Nemus cup: Veldig bra arrangement. Til neste år må ein prøve å få med fleire bedriftslag. Forslag om å auka maks antal spelarar pr. lag frå åtte til ni- ti spelarar.<br>• Pub kveld: Positivt. Ca 80 stk. innom.<br>• Dato for Grenda Cup: *Laurdag 14.mars*<br>• NM- kamp mot Stord for A-laget: Drilljentene skal opptre før kamp.<br>• Sidan BIL er ein Kvalitetsklubb så er klubben med på eit prosjekt, i regi av NFF, kalla: «Sammen redder vi liv i idretten». Dette er eit førebyggjande opplegg der målet er at flest mogleg i BIL, både utøvarar og trenarar, skal få opplæring i førstehjelp. Idrettslaget får i samband med dette tildelt livreddande førstehjelpsutstyr som kan nyttast i opplæringa.<br>• Behov for innbytarboks. Forslag om å skaffe frå Norasport Industri. Kanskje var dei aktuelle litt for små? Kan me eventuelt få støtte frå sponsorar til å kjøpe nokon som er større og meir føremålstenelege? Eller er det andre som produserer innbytarboksar som er betre eigna? Saka skal undersøkjast nærare får ein tek ei avgjersle. | O/D | Jovana | 10 |
| Fast | **Informasjon frå SU**<br>• Gode tilbakemeldingar frå trenarmøtet på Stord<br>• Stor variasjon i årskulla i aldersbestemt fotball | O/D | Kenneth | 5 |
| Fast | **Eventuelt** | | | |

Type saker: Vedtakssak=V, Orienteringssak=O, Diskusjonssak=D Møtedatoar 1. halvdel 2020:

*Arne Falk*
*Leiar i fotballstyret*